

Eit godt liv for eldre



Eit godt liv for eldre

Vi blir stadig fleire eldre i Noreg. Mange bidreg aktivt i samfunnet. Etter kvart får mange likevel utfordringar på ulike område, og dette må bli handtert politisk. Fleire vil oppleve sjukdom, einsemd og få utfordringar i kvardagen, ikkje minst med å bevege seg ute på vinterstid.

For å sikre likeverdige tenester, uavhengig av økonomien til den enkelte, må det bli satsa på dei offentlege helse- og sosialtenestene og på at eldre kan bu heime så lenge dei ønskjer, med tilpassa butilbod og sosiale møteplassar.

SV vil:

- føre vidare tannhelsereforma og prioritere eldre over 75 år
- sikre tilstrekkeleg og kompetent bemanning i eldreomsorga, primært med heile og faste stillingar
- byggje fleire sjukeheims plassar og omsorgsbustader
- styrkje demensomsorga og auke allmenn kompetanse om demens
- gi pårørande til vaksne rett til 10 dagar lønna omsorgspermisjon per kalenderår, slik foreldre til sjuke barn har
- sørgje for husbankstøtte til tilpassa bustader og heis
- førebyggje vald og overgrep mot eldre
- sikre at ingen pensjonistar er under fattigdomsgrensa
- sikre at eldre innvandrarar som kom til Noreg gjennom familiegjenforeining, kan få innvilga supplerande stønad
- sikre at dei som fell utanfor det digitale samfunnet får lett tilgjengeleg hjelp og informasjon på andre måtar

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo

21 93 33 00 ■ post@sv.no ■ sv.no

